



Framo Holsnøy AS
Rosslandsvegen 933
5918, Frekhaug

Saksbehandlar, innvalstelefon

Britt Solheim, 55572334

Rapport frå inspeksjon ved Framo Holsnøy AS den 4. mai 2023

Kontrollnummer: 2022.158.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå verksemda:

Arve Smith Strøm og Stig Ove Øyerhamn
Helge Inge Kolås og Odd- Arne Apold
Jan Gunnar Eikehaug og Gunnar Vatshaug
Krister Gudmundsen

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Anette Heggøy og Britt Solheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Framo Holsnøy AS den 4. mai 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 2 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemdas risikovurdering omfattar ikkje alle uønskete hendingar som kan vere relevante for ytre miljø
- Skriftlege rutinar manglar for nokre tema som kan sikre at krava i regelverket vert overhaldne

Merknader:

Vi ga ingen merknadar ved tilsynet.

Avvika er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Britt Solheim
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Alver kommune



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Framo Holsnøy AS	
Organisasjonsnr.: 989778056	Eigd av: 989025740
Bransjenr. (NACE-kode): 28.130 - Produksjon av pumper og kompressorer ellers	

Kontrollert eining

Namn: Framo Holsnøy AS	Anleggsnr: 4631.0234.01
Kommune: Alver	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: 2.6 Overflatebehandling av metaller og plast, elektrolyttisk eller kjemisk, behandlingsbad med volum over 30 m ³	
Løyve gitt: 24. august 2018	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48 og produktkontrollova § 8.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Grunnforureining
- Prosess og reinseutstyr
- Avfall
- Utslepp til luft
- Kjemikal
- Utslepp til vatn
- Løyve av 24.08.2018

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.



3. Oppfølging etter inspeksjonen

Framo Holsnøy AS pliktar å rette opp avika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 1. oktober 2023** sender ei skriftleg utgreiing som dokumenterer korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Gjennomføringa av tiltaka kan bli følgd opp ved neste kontroll.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 28. mars 2023. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventet ressursbruk må Framo Holsnøy AS betale eit gebyr på kr 22 500,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi avdekket følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1:

Verksemdas risikovurdering omfattar ikkje alle uønskte hendingar som er relevante for ytre miljø

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, punkt 6
- Utsleppsløyve punkt 2.6 Internkontroll
- Avfallsforskrifta kapittel 11-5. Forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall



Kommentarar til regelverket

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6

Internkontrollforskrifta har krav om at verksemdar skal kartleggje farar og problem og på bakgrunn av dette vurdere risiko, utarbeide tilhøyrande planar og gjennomføre tiltak for å redusere risikotilhøva. I løyvet punkt 2.6 er det også krav om miljørisikoanalyse for verksemda, og at risikoanalysen skal vere oppdatert.

Avfallsforskrifta kapittel 11-5

Avfallsforskrifta kapittel 11 har krav om at farleg avfall skal behandlast forsvarleg. Alle som oppbevarer, transporterer eller handterer farleg avfall, skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for forureining eller skade på menneskje eller dyr. Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall. Ulike typar farleg avfall skal heller ikkje blandast saman, dersom det kan føre til fare, eller kan skape problem for den vidare handteringa av avfallet.

Observasjonar

Framo Holsnøy AS har utarbeidd risikoanalyse for ytre miljø. Lagring av farleg avfall/ kjemikaliar var ikkje vurdert med tanke på fare for utslepp. Farleg avfall var lagra i konteinar som ikkje hadde kant, som kan sikre at flytande kjemikaliar/flytande avfall ikkje renn utanfor konteinaren. Lagringa var ikkje med i risikovurderinga.

Verksemda har oversikt over korleis lagring av farleg avfall og kjemikaliar skal skje, men ved tilsynet viste det seg at kjemikaliar var plassert feil i bod for lagring av farleg avfall.

Verksemda si risikovurdering kan vere meir anleggspesifikk og detaljert. Vurderingane omfattar ikkje alle dei ulike prosessane, som kan føre til utslepp til ytre miljø.

Ved tilsynet opplyste verksemda at dei i uka etter, i felles møte med dei andre Framo- verksemdene i Norge, skulle avklare kva for system som skal nyttast som felles internkontrollsystem. Desse opplysningane fekk Statsforvaltaren også ved vårt tilsyn med verksemda i 2019.

Avvik 2:

Skriftlege rutinar manglar for nokre tema som kan sikre at krava i regelverket vert overhaldne

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, punkt 7
- Utsleppsløyve av 24. august 2018 punkt 2.6 og punkt 11.4

Kommentarar til regelverket

Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, punkt 7

Verksemda skal ha skriftlege rutinar, prosedyrar som viser at verksemda etterlever krava i løyvet og i det lovverket som gjeld for verksemda. Rutinane skal inngå i verksemdas internkontroll. Relevante rutinar kan vere rutinar for korleis vedlikehald skal gjennomførast, drift av reinseanlegg, handtering av avfall og avviksbehandling. Opplistinga vår er ikkje fullstendig.

Utsleppsløyvet punkt 11.4

Løyvet punkt 11.4 Program for utsleppskontroll (måleprogram), viser kva eit måleprogram skal innehalde.



Programmet skal omfatte følgjande:

- Ei utgreiing av verksemdas faktiske utslepp til luft og vatn, med oversikt over alle utsleppsstraumar, volum og innhald til luft og vatn.
- Ei forklaring på dei forskjellige trinna i målingane (volumstrømmåling-prøvetaking-analyse-utrekning) for kvar straum og komponent.
- Ei oversikt over måleutstyr som blir brukt til målingane og frekvensen for kontroll av måleutstyr og kalibrering
- Ei utgreiing for val av prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikk (metodar og frekvens)
- Ei oversikt over valde metodar/standardar som er nytta for analyse
- Ei utgreiing av det som er med på å gjere at dei ulike trinna ikkje er sikre.

Observasjonar

Verksemdas måleprogram for utslepp til luft og vatn er ikkje godt nok dokumentert. Utslepp av støv er ikkje målt i 2022, og dette er det ikkje kommentert på i måleprogrammet. Måleprogrammet skal vere oppdatert.

Naboklager blir ikkje registrert i avviksystemet til verksemda.

7. Merknader

Vi ga ingen merknader under tilsynet.

8. Andre forhold

Framo Holsnøy AS er ISO 14001 sertifisert. Verksemda driver med maskinering, sveising, sandblåsing, slyngereinsing og maling. Verksemda driv også med kjemisk overflatebehandling i eit lukka system. Det vil sei at verksemda ikkje skal ha utslepp til vatn frå prosessane.

Verksemda har utslepp til luft av avgassar frå skreddar, avkast frå lasermaskin og avkast frå ventilasjonssystem i sveiseverkstaden. Ved neste revisjon av løyvet, vil det bli vurdert om det skal setjast grenser for utslepp til luft frå skreddar.

Industriutslippsdirektivet (IED)¹

Framo Holsnøy AS si verksemd er omfatta av EUs industriutslippsdirektiv (IED). Direktivet regulerer utslepp frå ein skilde verksemdar gjennom å greie ut om beste tilgjengelege teknikkar (BAT) i BAT-referansedokument, BREF.

EU sitt industriutslippsdirektiv er implementert i mellom anna forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova gjennom EØS-avtalen.

Statsforvaltaren har plikt til å sørge for at verksemdar som er omfatta av IED blir regulert med utgangspunkt i det som blir rekna som BAT for den aktuelle bransjen, med eventuelle tilhøyrande forplikande utslepps nivå (BAT-AEL). Dette kravet går fram av IED art. 15 nr. 3 og forureiningsforskrifta § 36-15 første ledd.

¹ EU Directive on industrial emissions (integrated pollution prevention and control)



Vedlegg I til forureiningsforskrifta kapittel 36 viser oversikt over type verksemd som er omfatta av IED og dermed også forureiningsforskrifta § 36-1 andre ledd:

Framo Holsnøy AS er omfatta av:

- Punkt «2.6. Overflatebehandling av metaller og plast ved hjelp av en elektrolytisk eller kjemisk prosess når behandlingsbadene har et volum på over 30 m³».

Dei ulike BREF-dokumenta til IED-direktivet med tilhøyrande BAT-konklusjonar finn de her: [https://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/Framo Fusa AS er omfatta av BREF-dokumentet for «Surface Treatment Of Metals and Plastics»](https://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/Framo_Fusa_AS_er_omfatta_av_BREF-dokumentet_for_«Surface_Treatment_Of_Metals_and_Plastics»).

Informasjon om revideringar av BREF- dokument

Surface Treatment Of Metals and Plastics, STM- BREF er under revidering. Les meir om revideringa i rapport frå Kick-off møtet 30. mai til 7. juni 2022 som er vedlegg til rapporten.

Når nytt BREF-dokument med nye BAT-konklusjonar er vedteke, må utsleppsløynet endrast slik at det er i samsvar med dei nye krava. Fristen for å endre løynet er fire år. Verksemda vil då få eit pålegg frå Statsforvaltaren om å greie ut om si verksemd mot dei ulike BAT-konklusjonane.

BREF for Ferrous Metals Processing Industry

Dersom det er aktuelt, oppmodar vi verksemda til også å sjå på BREFet som blei publisert med BAT-AEL konklusjonar den 12. desember 2022:

Best Available Techniques (BAT) Reference Dokument for ferrous Metals Processing Industry, FMP-BREF: <https://publications.jrc.ec.europa.eu/repository/handle/JRC131649>

Forureiningsforskrifta kapittel 27

Framo Holsnøy AS har eit fyringsanlegg som er større enn 1 MW. Anlegget var ikkje i bruk i 2022 og er stengd ned. Det er planlagt å byggje oppatt anlegget med ny brennar for bruk av biobrensel. Dersom anlegget kjem inn under forureiningsforskrifta kapittel 27, som blei endra med verknad frå 1. juli 2021, må Framo Holsnøy AS sende inn meldeskjema til Statsforvaltaren.

Eigarar av forbrenningsanlegga skal sende inn meldeskjema om eige verksemd, sjå forureiningsforskrifta § 27-4. Dette gjeld også for forbrenningsanlegg som er etablert før 20. desember 2021. Dersom forbrenningsanlegget har nominell tilført termisk effekt til og med 5 MW, må meldeskjema sendast til Statsforvaltaren innan 1. oktober 2028. Det er mogleg å sende inn meldeskjema allereie i dag. Sjølv om fristen ikkje går ut før i 2028.

Formålet med reglane i dette kapittelet er å avgrense utslepp av svoveldioksid (SO₂), nitrogenoksider (NO_x), karbonmonooksid (CO) og støv til luft frå mellomstore forbrenningsanlegg, og dermed redusere risiko for skade på helse og miljø frå slike utslepp.

Rettleiar til forskrifta finn de her:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/industri/for-naringsliv/utslipp-til-luft-fra-mellomstore-forbrenningsanlegg/>

Meldeskjema finn der her:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/industri/for-naringsliv/utslipp-til-luft-fra-mellomstore-forbrenningsanlegg/meldeplikt-og-soknad-om-tillatelse/dette-skal-meldingen-inneholde/>



Forureiningsforskrifta kapittel 9

Miljødirektoratet er forureiningsmynde for VOC-forskrifta, kapittel 9 i forureiningsforskrifta.

Framo Holsnøy AS har utslepp av flyktige organiske sambindingar (VOC) på grunn av bruk av organiske løysemiddel. Dersom forureiningsforskrifta kapittel 9 gjeld for verksemda, må meldeskjema sendast til Miljødirektoratet. For å finne ut om verksemda er omfatta av dette regelverket og meldeskjema dermed skal sendast inn, må ein først gjennomføre målingar av utsleppa, jf. forureiningsforskrifta kapittel 9, Vedlegg 1.

Terskelverdiane som måleresultata skal samanliknast med er å finne i forureiningsforskrifta kapittel 9, Vedlegg 2. Utslepp frå verksemdar som driv med kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling vil kunne vere omfatta av punkt 8 i Vedlegg II A til forskrifta. Dette gjeld ikkje for verksemd som påfører metall ved elektroforese eller kjemisk sprøyting.

Dersom forbruk av løysemiddel er mellom 5 og 15 tonn per år, må verksemda overhalde følgjande grenseverdier:

- 100 mg/Nm³ for punktutslepp.
- maks 20 % av utsleppa kan gå som diffuse utslepp

Dersom forbruk av løysemiddel er over 15 tonn per år, må verksemda overhalde følgjande grenseverdier:

- punktutslepp inntil 50 mg/Nm³ for tørkeprosessar
- 75 mg/Nm³ for prosessar der ein dekker metallet med maling
- maks 20 % av utsleppa kan gå som diffuse utslepp. «særlige bestemmelser» i kolonnen til høgre i Vedlegg II A må også vurderast

Her finn de meir informasjon og meldeskjema:

[Utslipp av flyktige organiske løysemidler \(VOC\) - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://www.miljodirektoratet.no/utslipp-av-flyktige-organiske-loysemidler-voc)

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren av 30. september 2013.